



## Statens vegvesen

Kvinnherad kommune  
Rådhuset  
5470 ROSENDAL  
Att: Arne Handegard

|                       |                 |
|-----------------------|-----------------|
| KVINNHERAD KOMMUNE    |                 |
| 13 JAN. 2011          |                 |
| Arkivsaknr: 2006/2195 | Dok. nr.        |
| Arkivkode P           | Saksb. beh. AHA |
| Arkivkode S           | Kopi:           |

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Erik Neergaard - 55516408

Vår referanse:  
2010/222634-010

Dykkar referanse:

Vår dato:  
12.01.2012

### Fjelbergsambandet. Tilleggsnotat Alt. 2A

Vedlagt følger notat som inneheld ei utgreiing om bakgrunn, saksgang og resultat vedrørende justering av alternativ 2A.

Statens vegvesen Region vest  
Med helsing

Erik Neergaard

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

# KOMMUNEDELPLAN M/KONSEKVENSGREIING FOR FV 62 FJELBERGSAMBANDET

NOTAT VEDRØRANDE ENDRING AV VEGALTERNATIV 2A  
- SAKSGANG OG RESULTAT

**KOMMUNEDELPLAN  
M/KONSEKVENSGREIING**

**Fv 62 Fjelbergsambandet**



Statens vegvesen



### Innleiing

I mars 2006 varsla Statens vegvesen oppstart av kommunedelplan for Fjelbergsambandet i Kvinnherad. Planen, med tre hovudalternativ + eit oppgradert ferjesamband, vart lagt ut på offentleg høyring i april 2008. Det kom inn 10 uttalar/merknader til planforslaget, mellom anna frå Hordaland Fylkeskommune.

Hordaland Fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga la inn motsegn mot alle vegalternativa slik dei framkom i kommunedelplanen, men opna for at med ei justering av alternativ 2A kunne det gjerast ei ny vurdering av dette alternativet. Grunngeving for motsegna var konflikt med viktige kultuminne.

I samråd med Hordaland Fylkeskommune og Kvinnherad kommune har Statens vegvesen justert alternativ 2A på to stader: Ved Munkura på Fjelbergøy og Usthus/Vik på Borgundøy. Endringa ved Munkura er mindre vesentleg, men ved Usthus/Vik er endringa større og med større verknad for omgjevnadane.

På grunnlag av desse enringane har Hordaland Fylkeskommune på åvise vilkår, trekt motsegna mot alternativ 2A.

Dette notatet inneheld ei utgreiing av bakgrunn, saksgang og resultatet vedrørande endringa av vegalternativ 2A. Når det gjeld vurderingar og konsekvensar av alternativa slik dei førelå i 2008 viser ein til hovudrapporten for kommunedelplanen datert 28.01.2008.

## Planforslag 2008

I forslag til kommunedelplan vart to ulike hovudalternativ (konsept) vurdert: 1) Eit forbetra ferjesamband Sydnes – Fjelberg - Borgundøy, og 2) løysingar med fast vegsamband mellom Fjelbergøy og Borgundøy og ferje Sydnes – Fjelbergøy.

### Alternativ 1 – forbetra ferjesamband

Her vart 3 ulike løysingar vurdert:




Fig. 1. Hovudalternativ 1

Alt. 1-1. Nytt trekantsamband Sydnes – Fjelbergøy – Borgundøy med nye ferjekaier på Haganaset og Furevik. Konsekvensar av å oppretthalda/nedlegga sambandet Sydnes – Utbjoa skal utgreiast.

Alt.1-2. Eksisterande trekantsamband Sydnes – Fjelbergøy – Borgundøy, men med tilpassa ferjetype. Sydnes – Utbjoa blir da eventuelt eit eige samband utan direkte kopling til Fjelbergsambandet.

Alt. 1-3 \*. Ei kombinasjonsløysing med nytt trekantsamband Sydnes – Fjelbergøy – Utbjoa og fast samband Fjelbergøy – Borgundøy.

### Alternativ 2 – vegløysingar

3 ulike hovudtrasear vart etter ei n utsilingsfase vurdert, alle med ei pendelferje mellom Sydnes og Fjelbergøy:




Fig. 2. Hovudalternativ 2

Alternativ 2A: Ny veg på Fjelbergøy og med bruk til Borgundøy nord i Fjelbergsundet.

Alternativ 2E: Fylling/bruere over Fjelbergsundet i sør og opprusta veg på Borgundøy.

Alternativ 2D: Fylling/bruere over Fjelbergsundet, veg over Kyrkjeholmen og ny veg over Fjelbergøy

Detaljkart for alle alternativa er vist i hovudrapporten: Kommunedelplan m/konsekvensutgreiing – Fv 62 Fjelbergsambandet, datert 28.01.2008.

## Innkomne merknader til kommunedelplanforslaget – justering av alternativ 2A

Etter utlegging til offentlig gjennomsyn i 2008 kom det inn i alt 10 uttaler/merknader til planen. Ingen av desse, med unntak for uttale frå Kystverket og Hordaland Fylkeskommune, har vesentlege synspunkt eller motførestellingar til nokon av vegalternativ som var føreslege.

Kystverket gjekk mot alternativ 2E grunna for liten seglingshøgde i Fjelbergsundet. Her var det planlagt bru med 10 – 12 meter fri høgde.

Hordaland Fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga kom med ein første uttale 24.06.2008. I vedtak fatta av fylkesutvalet 19.juni 2008 står følgjande:

1. *Fylkesutvalet har merknader til konsekvensutgreiinga for Fjelbergsambandet og krev tilleggsutgreiingar før konsekvensutgreiinga og kommunedelplanen kan godkjennast.*
2. *Fylkesutvalet tilrår at eit alternativ med kabelferje Halsnøy – Fjelbergøy og veg-/brusamband over Fjelbergsundet til Borgundøy bør veljast og legg til grunn at det vert arbeidd vidare med sikte på å finansiera det alternativet som er mogleg og realisera.*
3. *Grunna konflikt med kjende automatisk freda kulturminne og kulturmiljø er det knytt motsegn til veg-/brualternativa 2D og 2E-2 over søndre Fjelbergsundet.*
4. *Grunna konflikt med kjende automatisk freda kulturminne og kulturmiljø er det knytt motsegn til veg-/brualternativet 2A over nordre Fjelbergsundet i si norverande form, men konflikten kan truleg løysast gjennom å justera den foreslåtte traseen i kommunedelplanen.*
5. *Fylkesutvalet rår til at alternativ 2A vert vurdert som framtidig vegtrase, og ber om ei tilleggsutgreiing for å løysa konflikten med kulturminna langs traseen*

## Vidare planlegging/utgreiing

På grunnlag uttalen frå Hordaland Fylkeskommune vart det 10.10.2008 halde eit møte mellom Statens vegvesen og Hordaland Fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga. Her vart det semje om å sjå på ei noko anna linjeføring for alternativ 2A ved Munkura på Fjelbergøy og ved Krekjehaugen på Borgundøy. Statens vegvesen la fram forslag til endra linjeføring forbi Munkura og Krekjehaugen 31.10.2008, og det vart gjennomført ei felles synfaring 10.12.2008 der dei nye løysingane vart påvist i marka. Opprinneleg og endra vegtrase er vist på dei neste sidene .

I brev av 18.03.2009 kommenterer Hordaland Fylkeskommune den justerte veglina for alternativ 2A. Fylkeskommunen meiner justeringa som inneber at veglina blir liggande lenger frå dei kjente kulturminna ved Munkura og Krekjehaugen, er ei vesentleg forbetring, men at det fortsatt er problem knytt til desse punkta. Dette går særleg på at vegen vil medføra store terrengingrep i form av store skjeringar som gjer at kultur- og naturlandskapet rundt kulturminna vert endra og forringa, og at slike inngrep må vurderast særskilt nøye.

Fylkeskommunen ber derfor om ei visualisering av den nye veglina på desse to stadane før det kan takast endeleg stilling til planforslaget. Fylkeskommunen ber også om at ein utgreier nye alternative vegframføringar slik at ein unngår desse problemområda.

Statens vegvesen sendte deretter si oppsummering av innkomne merknader til kommunedelplanen/konsekvensutgreiinga til Kvinnherad kommune 20.05.2009. Her vert det mellom anna kommentert at ein ikkje kan sjå at ei meir detaljert visualisering av alt. 2A enn det som framgår av planteikningane, vil gje noko vesentleg betre grunnlag for å kunne ta stilling til det justerte alternativ

2A. Vegvesenet ser heller ikkje at det føreligg fleire alternative løysingar innafor økonomisk realistiske grenser som kan løyse problemet med nærføring til desse to kulturminne på ein god måte.




Fig. 3 Opprinneleg og justert trase ved Munkura



## Førebels vedtak i Kvinnherad kommunestyre

Den 24.09.2009 gjorde Kvinnherad kommunestyre eit (førebels) vedtak om godkjenning av kommunedelplan og konsekvensutgreiing for Fjelbergsambandet der det m.a. heiter:

“1. For å kunne få til ei omforent løysing i saka, vil Kvinnherad kommune gå i ny dialog med Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen. Dette for å sikra at prosjektet kan gjennomførast og tilpassast folk og næringsliv i eit større samfunnsgangleg perspektiv”

## Samordningsmøte

Det vart så 26.01.2010 halde eit møte mellom administrasjon og politikarar frå Kvinnherad kommune, Hordland Fylkeskommune og Statens vegvesen, for å drøfta vidare handsaming av kommunedelplanen.

Her kom det m.a. fram at alternativa sør i Fjelbergsundet (2D og 2E) ikkje var aktuelle på grunn av nærføring til dei mange automatisk freda kulturminna i området. HFK hadde lagt inn motsegn mot desse og Kvinnherad kommune kunne derfor ikkje eigengodkjenna planen. Eventuelt måtte saka bringast inn for Riksantikvaren med søknad om dispensasjon, noko Kulturavdelinga åtvare mot. Konklusjonen i møtet var mellom anna at Statens vegvesen skulle gjere ferdig visualiseringa av det justerte alternativ 2A med skråfoto o.l. før Fylkeskommunen kunne ta endeleg stilling til alternativ 2A.

## Visualisering av opprinneleg og nytt vegalternativ 2A

Med utgangspunkt i dette utarbeidde Statens vegvesen ein 3-dimensjonal terrengmodell der veganlegget vart lagt inn. Heile 3D-modellen vart oversendt Hordaland Fylkeskommune og Kvinnherad kommune i mai 2010. Under er vist to utsnitt. I vedlegg x er vist fleire.



Fig. 5. Illustrasjon av ny vegtrase alt. 2A over Øvre Vik og Usthus



Fig. 6. Illustrasjon av ny vegtrase alt. 2A ved Munkura på Fjelbergøy, sett frå sjøen

### Justert veglinje – konflikt med automatisk freda kulturminne (fornminne)

Den 24.08.2010 var Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, og Statens vegvesen på synfaring for å vurdere den justerte veglina alt. 2A på Borgundøy. Det kom da fram at fylkeskonservatoren meinte det var naudsynt med ei arkeologisk registrering for kunne avgjera om den endra





Fig. 8: Kart over lok. 1 (Arkeologen id. 143884).

traseen kunne koma i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

Registreringa vart gjennomført våren 2011 og i brev av 13.09.2011 vart Rapport frå arkeologisk registrering oversendt til Statens vegvesen.

Konklusjonen her var det vart registrert to nye automatisk freda kulturminne, lok.1 ( ID 143884) på Øvre Vik og lok.2 ( ID 143890) på Usthus, som vegtraseen kom i konflikt med. Det vart på begge desse lokalitetane funne spor etter eldre tids dyrking (bronsealder/eldre romartid/vikingtid).

Fig.75. Funn av nye automatisk freda kulturminne i endra vegtrase på Øvre Vik.



Hordaland Fylkeskommune kunne ikkje gje endeleg uttale til kommunedelplanen før forholdet til dei automatisk freda kulturminna var avklart.

**Fig. 8. Funn av nye automatisk freda kulturminne i endra vegtrase på Usthus.**

Statens vegvesen søkte derfor ved brev av 09.10.2011 om dispensasjon frå fredinga av dei to kulturminna, etter at vegtraseen var endra litt forbi lokalitet 1 slik at det vart større avstand mellom vegen og kultuminnet.

I brev av 14.12.2011 kjem Hordaland Fylkeskommune – Kultur- og idrettsavdelinga – med endeleg uttale til kommunedelplan for Fjelbergsambandet. Her er konsekvensane av alternativ 2A, slik det no føreligg, med omsyn til kulturminne, oppsummert:

Gravrøysa Munkura, ID 66367. Vegalternativ 2A har nærføring til kulturminnet, men dei naturlege terrengformasjonane og avstanden mellom veg og kulturminne gjer at denne nærføringa kan godkjennast på visse vilkår. Det skal m.a. ikkje gjerast terrenginngrep mellom vegtraseen og gravrøysa.

Gravhaug Krekjahaugen, ID 15776. Nærføring til kulturminnet var tidlegare eit problem, men med den nye traseen er det no ein avstand på 100 meter til gravhaugen, og ein høgdeskilnad på 30 – 35 meter.

Hellekiste Krekjahaugen, ID 95075. Same tilhøve som for gravhaugen nemnt over.

Dyrkingslokalitet på Øvre Vik, ID 143884. (sjå fig. side 6). Flytting av opprinneleg trase gjer at vegen ligg om lag 7 meter frå sikringssona. Lokaliteten må merkast under anleggsarbeidet og det må ikkje gjerast inngrep i lokaliteten.

Dyrkingslokalitet Usthus, ID 143890. (sjå fig. side 6). Ny vegtrase går gjennom denne lokaliteten, men da lokaliteten er svært avgrensa og ein har lagt ned store ressursar for å finna ein best mogleg trase, finn ein å kunne gje dispensasjon frå den automatiske fredinga utan nærare vilkår.

Nyare tids kulturminne. Det er ei rekkje SEFRAK-registrerte bygningar i området Usthus – Vik. Dette er eit kulturlandskap med mange element som steingardar, styvingstre og liknande. Desse elementa bør vernast i så stor grad som mogleg.

Oppsummering/konklusjon: Hordaland fylkeskommune har gitt løyve til inngrep i lokalitet ID 143890. Tiltakshavar må retta seg etter krav i brev av 14.12.2008 frå fylkeskommunen når det gjeld lokalitetane med ID 143884 og 143890. Så framt dette vert gjort er grunnlaget for motsegn i høve kulturminne for vegalternativ 2A i kommunedelplan for Fjelbergsambandet oppheva på grunnlag av dei endringar som er gjort, jamfør kart C 010A datert 31.10.2008, og kart C 014B, datert 21.11.2011.

Det føreligg med dette ikkje motsegn mot vegalternativ 2A slik det er vist i plankarta nemnt over.

### **Andre konsekvensar av endringar på alternativ 2A**

I hovudrapporten frå 2008, side 67, er ei oppsummering av ikkje prissette konsekvensar for alle alternativ. Dei føretekte justeringane av traseen for alt. 2A ved Munkura på Fjelbergøy og over Øvre Vik – Usthus på Borgundøy vil ikkje endra på desse med unntak av deltema Kulturmiljø som er omtalt over.

Endringa ved Munkura medfører ei noko større og meir omfattande fjellskjæring frå planlagt ferjestø og oppover mot eksisterande riksveg. Denne vil bli derfor verta litt meir synleg frå sjøsidea. Endringa vil elles ha ubetydelege konsekvensar for andre tema som er utgreidd i konsekvensutgreiinga.

Endringa over Øvre Vik/Usthus har konsekvensar for landbruksområdet da traseen vert flytta ein god del lengre aust og vesentleg nærare tunet på gnr. 216, bnr. 6. Det vil ikkje gå med meir verdfull dyrkajord samanlikna med det opprinnelege traseen, men nærføringa til tunet vil kunne oppfattast som negativt. Ein forutset imidlertid at det vert gjennomført tiltak slik at tunfunksjonen og bruk av driftsbygningen kan oppretthaldast tilnærma som i dag.

### **Samandrag – status**

I tillegg til alternativ med forbetra ferjesamband er det i kommunedelplanen utgreidd tre alternativ med fast vegsamband mellom Fjelbergøyane; 2A, 2D og 2E. Hordaland fylkeskommune kom med motsegn til alle dei tre vegsambandalternativa, grunna sterk konflikt med automatisk freda kulturminne. Ingen av alternativa kunne derfor eigengodkjennast av Kvinnherad kommune. Fylkeskommunen gav imidlertid signal om at dersom ein kunne finna ein justert trase for alt. 2A som løyste konfliktane med automatisk freda kulturminne, ville fylkeskommunen gå inn for dette alternativet.

Etter samråd med Hordaland fylkeskommune – kulturavdelinga og Kvinnherad kommune, har Statens vegvesen justert linjeføringa på alternativ 2A slik at konflikten i høve kulturminne er vesentleg redusert. Hordaland fylkeskommune har på dette grunnlag trekt motsegna mot alt. 2A.